

## Håper på fleire kristne barneskular

TEKST OG FOTO: PER OVE STIGE

Om seks år håper Ingrid Steinshamn at sonen Samuel (5 mnd) kan få mulegheit til å gå på ein kristen barneskule, og helst i Hatleholen ved sidan av Møre ungdomsskule.



**VIL HA KRISTEN BARNESKULE:** Ingrid Steinshamn med sonen Samuel (5 mnd) på armen.

Både i Ålesund og i Skodje blir det arbeid med planar om å etablere kristen skule. Interesserte foreldre blir oppfordra til å ta kontakt. Lengst har dei kome i Skodje. Aksjeselskapet «Møre og barne- og ungdomsskule Skodje» er under stifting, og eit styre er oppretta.

I Ålesund er ei foreldregruppe i gang med å finne ut om det er grunnlag for ein kristen barneskule i tilknytning til Møre ungdomsskule. Dersom vi får god nok respons, vil vi søkje om å starte opp, seier Ingrid Steinshamn, som er leiar for foreldregruppa.

For Steinshamn er ikkje dette ukjent terreng. Ho var leiar for prosjektgruppa som i Hordaland

etablerte Danielsen Ungdomsskule Frekhaug i 2012. Samstundes var ho lærar og inspektør på Danielsen Ungdomsskule Osterøy, som starta opp i 2011. Men dette er kristne ungdomsskular.

I Ålesund er det ein kristen barneskule som blir vurdert. Steinshamn merkar at foreldre har større skepsis til ein kristen barneskule. Eg trur fleire er redd for at barnet skal falle utanfor nærmiljøet, det argumentet går igjen. Her i Ålesund er det også veldig gode offentlege barneskular, så dei kjem ikkje til å velje eit alternativ på grunn av det, seier Steinshamn. Ho seier ein skule med kristen formålsparagraf gir mulegheit for lærarane til å vere tydeleg også om livssyn.

Efaringa mange har er at det er lettare å forholde seg til det som er tydeleg. Elevane blir tryggare då, også dei som ikkje deler læraren sitt livssyn, seier Steinshamn.

### SKODJE

I Skodje er det ein komplett grunnskule som blir vurdert. Odd Asbjørn Nybø, som var med på å starte opp Møreskulane i Ålesund og Herøy, er leiar for dette initiativet. I overkant av 30 foreldre og besteforeldre møtte fram på informasjonsmøtet i januar.

Etter tilbakemeldingane frå foreldra er vi no på leit etter ein høveleg skulestad nær sentrum på Skodje, seier Nybø.

Innan 1. april vil styret etter planen sende søknad til departementet om etablering av skule.

Og vi håper at Sunnmøre Indremisjon vil sitje som eigar. Vi har god erfaring med Sunnmøre Indremisjon som er eigar av dei to andre Møreskulane, seier Nybø.

*Kva er grunnen til at de har etablert eit aksjeselskap og ikkje ei stifting, slik Møre ungdomsskule er?*

Aksjeselskap er blitt vanleg for nye skular, og det er mindre komplisert å administrere enn ei stifting. Det gir ei større mulegheit til eit aktivt eigarskap. Det hadde vore eit ønske om Sunnmøre Indremisjon var meir aktiv som eigar i dei eksisterande kristne skulane, meiner skulenestor Odd Asbjørn Nybø, og seier interesserte foreldre må ta kontakt.

**Side 2** Leiar: Tankar om leir

**Side 3** Ung Misjon: BarneGospelfestivalen 2014

**Side 4** Kvinnehelg på Orreneset



Ranveig Nybø  
Ung-arbeidar  
Sunnmøre Indremisjon

## NYTT FRÅ KRINSEN

### LEDER-OG FORKYNNAKURS

Laurdag 8. mars blir det kurs på Ålesund bedehus kl 12.00. krinsleiar Karl Arne Austnes vil undervise om temaet: «Etiske utfordringar – korleis ta dette opp i forkynning og forsamlingsarbeid». Dette er eit dagsaktuelt og viktig tema og vi håper at mange vil sette av dagen og vere med oss på kurs. Ikkje minst vil vi oppmode yngre leiarar og dei som er med i ungdomsarbeid om å vere med. Det blir servering og god tid til samtale og bøn. Påmelding til krinskontoret tlf 70 17 86 70 eller mail sunnmore@imf.no

### «LEV LIVET» - DAG PÅ EMBLEM BEDEHUS 22. MARS

Vi minner om denne viktige samlinga. Runar Landro og Merete Å. Blindheim blir med og underviser om trusformidling i heimen. Lat oss saman gjere dette til eit

viktig dag for den kristne familien på Sunnmøre. Ver med og lat deg inspirere til det viktigaste av alt, å gitrua på Jesus vidare til ein ny generasjon. Brosjyre får du på krinskontoret og informasjon finn du på <http://sim-imf.no/>

### SENDT 2014

Dei første påmeldingane frå indremisjonsfolk på Sunnmøre har alt kome. Sjekk program på <http://dawnnorge.no/nasjonal-konferanse-2014/> og meld deg på. Dette er ein nasjonal konferanse om evangelisering og forsamlingsbygging. Vi håper på minst 20 deltakarar frå Sunnmøre.

### STORSAMLING PÅ BORG

Også i år blir heile indremisjonsbevegelsen invitert til inspirasjonssamling på Borg 2. påskedag (21. april) kl 12.00. Marit Stokken blir

taler og det blir som vanleg eige opplegg for borna. Meir informasjon i neste Heimemisjonen.

### PÅSKEMØTER

I år blir det påskemøter på Remøya v/Kurt Urhaug og på Valderøya v/Marit Stokken og Ruben Lie Monsen. I tillegg blir det fleire enkeltmøter i krinsen. Be for desse møta og lat oss saman feire påske i den kristne forsamlinga!

### «MØTE-APP»

Vi minner om å bruke dette flotte verktøyet for annonsering av møter. «Appen» kan lastast ned frå <http://minmenighet.com/> Ta kontakt med krinskontoret eller Eyvind Volle e.volle@imf.no for å få lagt møteopplysninger inn i «appen».

## UNGmisjon



- barne og ungdomssektoeren i Sunnmøre Indremisjon



# BarneGospelFestivalen 2014

TEKST OG FOTO: RANNVEIG NYBØ

## BarneGospelFestivalen vert arrangert kvart år av Ung Misjon.



På BGF var barn frå 6 kor med – Vigma YA-kor, Godøy barnekor, Tusenfryd frå Emblem, Spiren frå Blindheim, Sing It 2 U frå Ellingsøya og Stordalen barnekor. Helga gjekk med til korøving, mat, leik og meir korøving. Laurdagskvelden var tida for store leirfesten, der barna bidrog med underhaldning av ymse slag og latteren satt laust.

Mens barna kosa seg på leirfest var leiarane samla til inspirasjonssamling. Tore Thomassen var med og saman delte vi erfaring, fekk snakka om utfordringar og vart inspirert til å stå på vidare i dette viktige arbeidet som samlar mange hundre barn om Guds ord kvar veke! Årets høgdepunkt, årets viktigaste helg for påfyll og avgjerande for motivasjon til å fortsetje er nokre av dei tilbakemeldingane vi høyrer.

På denne festivalen vert barnekor på Sunnmøre invitert til å vere med, og vi har med ein instruktør som lærer oss nye songar, og inspirerer leiarane til å stå på vidare med å fortelje barna om Guds rike gjennom song og musikk.

BarneGospelFestivalen 2014 var 25.-26.januar og med oss hadde vi Tore Thomassen! Tore er nok kjent for dei fleste som både artist, songforfatter og bokforfatter. Tore sine songar er bl.a. med på fleire søndagsskuleCD'ar.

Med glimt i auge, ein imponerande gitarspel og nokre små sprell, lærte Tore oss mange nye songar om bl.a. Moses, Jona og den lamme mannen. Tore er både røff og ein god «bestefar» på same tid. Han viste ungane interesse anten det var korøving eller måltid. Han er dyktig! Tore Thomassen sjarmerte alle frå 7-70 år!

Tusen takk for ei super helg!


## Kors-samlinger på Borg

TEKST: EIVIND LANDRO

Det siste året har jeg vert så heldig at jeg har fått hatt faste samlinger med en liten gruppe med elever på Borg. Samlingene kalles for kors-samling og har litt forskjellig uttrykk. Jeg er der stort sett annenhver uke og vi snakker om Jesus, hva det vil si å tro på Ham, om vanskelige spørsmål og ellers det som elevene lurer på.

Det fantastiske er at det kommer flere på samlingene som ikke tror på Jesus, som har en arena der de kan komme med tvil og vanskelige spørsmål og der vi kan snakke sammen om det.

Dette er veldig flotte samlinger og et givende arbeid, og jeg har lyst til å oppfordre deg som leser dette til å være med å be for Borg og elevene der, og spesielt for de som kommer fast på disse samlingene og som ikke tror på Jesus. For det er kun han som forandrer liv og frelser.



## TANKAR OM LEIR

Det er vel vanskelig å få leiarar, tenkjer eg! Dette har eg høyrd frå eg begynte i Ung Misjon for over 2 år sidan. Eg har kjent at det har vore viktig for meg å snu denne haldninga. La der vere ein positivitet rundt leiarjakten, og ikkje berre det negative. «Nei, det går ganske bra» svarar eg, og eg meiner det! Her er så mange positive ungdomar og vaksne som stiller opp, nokon ein gang i året, andre fleire.

Ta for eksempel minleir for dei i 2.-4. klasse. Her er ofte ei mor eller ein far med, og så ønsker eg også å ha med eit par ungdomar.

Neste aldersgruppe er 5.-7.klasse. Desse leirane er også ganske greie å få leiarar til, men her begynner utfordringane litt. Ofte får eg svaret: Jenta/guten min vil helst ikkje, eller absolutt ikkje at eg vert med som leder på leir! Men kven er leiarane? Det er ikkje løna arbeidarar, det er frivillige! Her har eg eit ønske: Kva om du da som mor eller far svarer: jo, skal vi arrangere leir, må eg være med på ein av leirane, så kan du vere aleine på dei andre leirane i år. Om fleire foreldre svarer slik, vert dette eit speislag, og dermed har vi nok leiarar til alle leirane!

Ten Treff er for dei i 8.-10. klasse. Vi har 4 TenTreff i løpet av eit år. Men kven skal vere leiarar her? Foreldre trekker seg ganske ut av «banen». Nokre studentar er positive og stiller opp. Dessverre er det ikkje mange å ta av, da mange flyttar vekk for å studere og dei som er i området ofte har ein helgejobb ved sidan av studiet.. Kva gjer vi her? Dette grunner eg på, utan å finne svaret. Kan vi tenke speislag her også?

Kanskje de som foreldre til barn frå 5.-10. klasse kan snakke om dette heime? Få fram at dette kanskje er einaste måten å kunne halde oppe antallet leiarar vi har pr i dag?

Eg jobbar no med eit lovsangshefte til bruk på TenTreff. Flotte songar som utfordrer og styrker ungdomane. Bønevandring med takkebøner og lystenning for nokon du ber for står fast på programmet. Trur du desse leirane er viktige? Eg trur det. Og berre så det er sagt, å vere ei helg på vakre Orreneset, få servert god mat, slippe å rydde etter måltidet og få med seg gode ungdomsmøter, det er jo ikkje ein dum måte å tilbringe helga på det?

Helsing positiv men ærleg leirkonsulent

## FAMILIELEIR

11.-14. april Orreneset Misjonssenter

Påmelding:

Bibel God mat  
Sunnmørsalpane  
Familiesamling Bøn

Sunnmøre Indremisjon  
70 17 86 70/ sunnmore@imf.no  
[www.ungmisjon.no](http://www.ungmisjon.no)

VIRKE GRAVFERD

begravelses Byrået sunnmøre

DØGNVAKT: 70 17 86 60

GISKE SULA ÅLESUND [www.bbsunnmore.no](http://www.bbsunnmore.no)

Redaktør: Karl Arne Austnes  
**Sunnmøre Indremisjon**  
Postboks 7836 Spjelkavik, 6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70 Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
Epost: sunnmore@imf.no  
**Internett-sider** (med link til andre avdelinger)  
[www.imf.no/sunnmore](http://www.imf.no/sunnmore) - Ung Misjon: [www.ungmisjon.no](http://www.ungmisjon.no)

**Brusdalsheimen**  
Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255

**Daggry barnehage**  
Telefon 70 18 24 97  
B.giro 3000.21.36682

**Møre Ungdomsskule**  
Telefon: 70 17 66 70  
B.giro: 8220.02.80287

**Begravelsesbyrået Sunnmøre**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56

**Orreneset Misjonssenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211

**Borgund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
B.giro 8220.002.20788

**Møre Ungd.skule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
B.giro: 3000.18.45655

**Si-Reiser AS**  
Telefon: 70 17 90 00  
WEB: [www.si-reiser.no](http://www.si-reiser.no)

**Radio Sentrum:** Telefon: 70 15 41 00 - Bankgiro 3900.21.10311 - [www.radiosentrum.no](http://www.radiosentrum.no)

# Kvinnehelg på Orreneset

## 28. - 30. mars 2014

**TEKST:** TURID NORDSTRAND RØDSET **FOTO:** PRIVAT



**UT PÅ TUR:** Denne gjengen var til Israel med Radio Sentrum.

Endelig er det snart kvinnehelg igjen på Orreneset! På kvinnehelg kan du komme som du er, du får gå til ferdig dekket matbord og høre Guds Ord forkynt, i år av Martha Irene Eriksrød. Hun er mangeårig misjonær og har en særdeles engasjerende måte å forkynne på. Hun nærmest sprudler over når hun formidler det glade budskapet.

Videre får du denne helga være med i lovsang, ledet av diakoniarbeider Elisabeth Østergård. Hun både skriver og tonesetter sanger selv.

Vår alles kjære Gro Hofseide, som allerede har rukket å gi ut flere cd'er, skal synge for oss på møtene. Og om ikke dette er nok så skal vi i år ha med oss en mann på kvinnehelg! Den kjente artisten Tor Rødseth vil holde egen konsert for oss. Det blir stas!

Vi har en spennende «kosetime på timeplanen», der vil jeg ikke røpe innholdet.....

Det blir tid til tur, enten til fots eller på ski, tid til bønn, vitnemål, meditasjon, samtale, nattverd mm.

Den gode praten, håndarbeid, bli kjent med nye flotte damer, middagskvil, og ikke minst så blir det åpent i «Gudesens konditori» utover kveldene. Så her håper vi å friste alle damer til å prioritere seg selv og velge å bli med denne helga!

I år satser vi på fulle hus og hytter på Orreneset, helst vil vi ha venteliste! Denne gangen er det vervekampanje; du får en premie om du får med deg nye på kvinnehelga! Og det venter en gave til deg som blir med for første gang og er under 50 år.

Så med dette er du Kvinne ønsket varmt velkommen til et trivelig fellesskap i den flotte fjellheimen vår!

**Påmelding til kretskontoret 70 17 86 70 eller mail [sunmore@imf.no](mailto:sunmore@imf.no)**

## REISERUTA

### **Karl Arne Austnes:**

23.02: Stranda, 26.-27.02: Eidsdal, 08.03: Fork.kurs, 09.03: Blindheim, 09.03: Brattvåg, 22.03: LevLivet konf. Emblem, 23.03: Langevåg, 25.03: lederv. Bergen, 27.-29.03: Dawn Oslo, 30.03: Spjelkavik, 08.04: Follestaddalen, 13.04: Blindheim, 20.04: Godøy, 21.04: Borg, 04.05: Emblem, 13.05: M.rådsmøte Bergen, 25.05: Godøy, 25.05: Sykkylven bhf., 27.05: lederv. Godøya, 31.05-01.06: årsmøte (Møre barne- og ungdomsskule)

### **Kjell Furnes:**

28.02-02.03: Ytre Ellingsøy, 07.-09.03: Fellesm. Sula, 11.03: Follestaddalen, 13.03:Lepsøy,27.03: Åmdal, 06.04: Godøy, 10.04: Fiskå, 04.05: Sykkylven bhf., 08.06: Ulsteinvik

### **Eyvind Volle:**

18.-23.03: Sula, 28.-30.03: fors. tur Skodje, 17.- 18.04: Valle, 20.04: Sykkylven bhf., 21.04: Ørsta

### **Peder Almedal:**

23.02: Spjelkavik, 27.02: Åmdal, 06.-07. og 09.03: Hjørungavåg, 27.04: Spjelkavik

### **Gunnar Ferstad:**

26.-27.04: Langevåg/Godøya

### **Marit Stokken:**

18.-20.03: Nerlandsøy og Kvalsvik, 23.03: Giske, 16.-21.04: Valderøy, 21.04: storsamling Borg, 07.-11.05: Søre Sunnmøre

### **Ingbjørn Vingen:**

13.03: Haramsøy, 14.03: Longva, 16.03. Sykkylven

### **Erik Furnes:**

23.02: Godøya, 21.-23.03: Sing in the city, Valderøya

### **Ruben Lie Monsen:**

04.-09.03: Vigra, 18.-20.04: Valderøya, 06.-11.05: Søre Sunnmøre, 16.-18.05:

### **Tor Ingvald Lauvrak:**

01.- 06.04: Ulsteinvik

### **Johannes Kleppa:**

28.02-02.03: Remøya, 02.03: Sunnmørskirka, Ålesund bedehus

### **Roald Evensen:**

01.-06.04: Volda/Dalsfjorden

### **Kåre Magne Remmen:**

26.02: Eidså, 27.02: Syvde

### **Helge Dimmen:**

22.06: Godøya

### **Runar Landro:**

22.03: Emblem, Lev Livet konferanse

### **Arvid Ødegård:**

15.06: Sykkylven

### **Miriam Mulelid:**

16.03: Ulsteinvik

### **Gunnar Kjøde:**

11.-16.03: Valle

### **Oddbjørn Brunstad:**

08.06: Godøya

### **Reidar Fiske:**

25.02: Follestaddalen

### **Martha Irene Eriksrød:**

28.-30.03: Kvinnehelg Orreneset

### **Andreas Norli:**

31.05-01.06: Årsmøtet SIM, Møre barne- og ungdomsskule

### **Johnn Hardang:**

28.02-02.03: Alnes

### **Odd Giske:**

10.04: Østre Ellingsøy

### **Randi Fagerhol Lauvås:**

04.05: Godøya